



Det er i desse dagar 25 år sidan Bjørgulv Eik fekk kommunen sin kulturpris som den første i Uskedalen og det er vel verd å markera ettersom heiderskaren framleis held koken på kulturfronten. Det kan vi dokumentera med dette biletet frå musikklaget.

Då han fekk prisen vart det framom alt begrunna med stor innsats i ungdomslaget, musikklaget og fråhaldsrørsla gjennom mange år og også med deltakinga i den tidlegare ungdoms- og idrettsnemda.

Prisen vart utdelt første gong i 1983 og Bjørgulv fekk han i 1987.

Seinare har 3 til frå Uskedalen fått prisen - det er Margareta Dønhaug, Sigvald Eik og Kristian Olav Bringedal.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen